

LOKAL FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I SEL OG SEL VAKSENOPPLÆRING. VEDTEKE I SEL KOMMUNESTYRE 30.4.2012

I Innleiing

§ 1 Heimel

Med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova), har kommunestyret i Sel fastsett forskrift om felles ordensreglement for skulane i Sel og Sel vaksenopplæring.

§ 2 Føremål

Alle elevar i grunnskulen og vidaregåande skule har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a – 1. Visjonen for skulane i Sel er: ”Vekst og utvikling for alle i eit inkluderande miljø”. Skulane i Sel skal vera prega av samarbeid, trivsel, respekt og medansvar. Skulane i Sel skal vera frie for krenkjande åtfærd. Ordensreglementet for skulane i Sel er eit verkemiddel for å nå desse målsettingane. Vidare skal ein sikre at skulesamfunnet blir ein arbeidsplass der alle trivst og blir gjeve moglegheit til vekst og utvikling.

Ordensreglementet inneheld rettar, plikter og reglar for orden og åtfærd, reglar for kva for tiltak ein skal nytte mot elevar som bryt reglementet (sanksjonar) og reglar for korleis slike saker blir handsama.

Reglar og sanksjonar som går fram av opplæringslova og forskrift til opplæringslova er som hovudregel ikkje gjenteke i ordensreglementet. Skulane og vaksenopplæringa plikter å informere føresette og elevar om desse reglane.

Elevane i alle skuleslag har ei rekkje rettar etter opplæringslova og forskrift til opplæringslova når det gjeld medverking til utforminga av skulesamfunnet. Slike avgjerder er ikkje ein del av ordensreglementet og blir difor ikkje nærare handsama her.

§ 3 Verkeområde

Ordensreglementet omfattar alle grunnskulane i Sel kommune og Sel vaksenopplæring. Samarbeidsutvalet (SU) ved skulane skal gje utfyllande ordensreglar tilpassa den enkelte skule og vaksenopplæringa. Det er ikkje tilgang til å fråvike det overordna ordensreglementet for skulane i Sel kommune og Sel vaksenopplæring.

Skulane og vaksenopplæringa har ansvar for elevane i skuletida. Det vil seie i alle typar undervisningslokale, skulefritidsordning, fellesrom, uteområde og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i prosjekt, leirskule, utplassering, studieturar, utflukter og andre arrangement i skulen sin regi. Ordensreglementet gjeld når skulane og/eller kommunen har ansvar for skyss av elevar.

II Reglar

§ 4 Generell orden og åtfærd

Alle elevar skal følgje lovar og reglar som gjeld i samfunnet, og rette seg etter den enkelte skule sine reglar.

Reglar for orden og åtfærd:

- Vis omsyn, respekt og toleranse for andre.
- Hald arbeidsro i timane og vis respekt for alle sin rett til eit godt læringsmiljø.
- Møt presis og førebudd til alle timar.
- Hald god orden.
- Hjelp til med og halde skuleområdet reint og ryddig.
- Ta godt vare på alt som høyrer til skulen, både ute og inne, og stell pent med skulebøker og anna undervisningsmateriell.
- Skulane i Sel skal vera fri for krenkjande åtfærd.

§ 5 Åtfærd - konkrete forhold

§ 5-1 Dokumentert og udokumentert fråvæ

Fråvæ i grunnskulen kan delast inn i dokumentert og udokumentert fråvæ.

I grunnskulen er det to typar dokumentert fråvæ. Det eine er dokumentert fråvæ av helsegrunnar og det andre er permisjon som er innvilga av skulen. Dersom eleven skal vera borte, skal foreldra ha søkt om permisjon skriftleg.

Når eleven er borte på grunn av helsegrunnar, er melding frå foreldra gyldig dokumentasjon. Skulen kan krevje legeerklæring for langvarig fråvæ, og foreldra og elevar kan krevje at sjukefråvæ ikkje blir ført på vitnemålet.¹

Dokumentert fråvæ:

- fråvæ etter permisjon gjeve av skulen.
- fråvæ av helsegrunnar, der foreldre/føresette til mindreårige har meldt frå til skulen.
- fråvæ der eleven har legeerklæring.

Udokumentert fråvæ:

- fråvæ som foreldre/føresette til mindreårige ikkje har meldt frå om.
- fråvæ som er av lengre varigheit enn det skulen har gjeve eleven permisjon for.

¹ For at fråvæ inntil 10 dagar som skuldast helsegrunnar ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram legeerklæring. Dette gjeld dersom fråværet har vart i meir enn tre dagar, jfr. FOL § 3 – 41.

Elevane har plikt til å møte presis til undervisning og plikt til å delta i undervisninga i den form ho blir gjeve. Udokumentert fråvær er brot på ordensreglementet og skal bli vektlagt når ordenskarakteren skal fastsetjast. Det skal ikkje bli lagt avgjerande vekt på enkelthendingar. Hovudgrunnlaget skal vera orden og åtferd det siste halve skuleåret.

Ved sjukdom skal skulen bli varsla så fort som råd.

Barn og unge har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad gje den enkelte elev permisjon i inntil to veker etter søknad på kommunen sitt eige skjema for dette. Fråvær ut over dette er og rekne som at eleven er teke ut av skulen, og eleven sine føresette må legitimere at barnet får tilsvarande undervisning i annan skule eller ved heimeundervisning. Dersom dette ikkje skjer, skal skulen forfølgje saka. Dersom barnet ikkje bur på si faste adresse, skal skulen gje melding til dei rette instansar om at barnet har flytta.

Det enkelte SU fastset i sitt ordensreglement korleis ein skal legitimere/dokumentere fråvær, deriblant avgjerder om når og på kva måte skulen kan praktisere munnleg eller skriftleg eigenmelding/sjølvmelding for elevane.

Dersom eleven kjem for seint eller er ulovleg borte frå skulen, vil heimen bli kontakta for å få klarlagt årsaka til forseintkominga/fråværet, jf. skulane sine rutinar for handtering av fråvær. Ein må sjå dei tiltaka som blir sett i verk i samanheng med årsaka og eventuelt omfanget av forseintkominga/fråværet.

Føresette skal bli involvert når fråværet, inkludert forseintkomming, går ut over eleven si læring og verkar forstyrrande for klassa sin totale lærings situasjon.

§ 5-2 Krenkjande åtferd

Krenkjande åtferd er ei felles nemning på alle former for uønskt åtferd som med eller utan overlegg rårar andre fysisk eller psykisk. Krenkjande åtferd kan vere ei enkel hending eller gjentekne handlingar utan respekt for andre sin integritet.

Eksempel på krenkjande åtferd:

- mobbing
- vald
- rasisme
- diskriminering
- utestenging

Skulane i Sel og Sel vaksenopplæring skal ha nulltoleranse i forhold til krenkjande åtferd. Den enkelte skule skal ha ein handlingsplan mot krenkjande åtferd som er vedteken av SU. Handlingsplanen skal særskilt omhandle tiltak retta mot mobbing.

§ 5-3 Medbringning av personlege egedelar

Medbringning av personlege egedelar og verdisaker skjer på eige ansvar. På skulen sitt område er det ikkje tillate å ta med seg gjenstandar som kan bli nytta til å utøve skade på andre sin eller på skulen sin eigedom, når det ikkje står fram som sannsynleg at gjenstanden berre skal nyttast til andre lovlege formål. Gjenstandane kan bli tekne vare på av skulen, og bli overleverte til foreldre/føresette dersom eleven er umyndig. Ulovlege gjenstandar kan bli overleverte til politiet.

§ 5-4 Bruk av tobakk, snus og rusmiddel

Det er ikkje tillate å bruke tobakk eller snus på skulen sitt område eller i skuletida.

Det er ikkje tillate å ta med seg eller bruke alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller i skuletida.

Ved brot på regelen vil umyndige elevar sine føresette bli kontakta av skulen. Skulen kan ta vare på rusmidla, tobakken eller snusen, og overlate det til umyndige elevar sine føresette.

Ulovlege rusmiddel vil bli overlate til politiet.

§ 5-5 Hærverk på skulen sine bygningar/eigedom og egedelar som høyrer til skulen, elevar eller tilsette

Elevar som utøver hærverk kan bli pålagde å rydde opp etter seg og/eller utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnader for å klare, og arbeidet står i rimeleg høve til brotet.

Ved hærverk på skulen sine bygningar/eigedom og/eller egedelar kan eleven i tillegg til å bli pålagt sanksjonar etter reglementet her, også bli erstatningsansvarleg (skadeerstatningsloven § 1- 1). Føresette er erstatningsansvarlege etter skadeerstatningslovens § 1-2 for inntil kr 5 000,-.

Ved hærverk vil eleven og/eller føresette bli haldne erstatningsansvarlege for skadane. Eleven kan bli gjeve høve til å utbetre skadane sjølv dersom dette blir sett som hensiktsmessig.

Skulane skal reagere dersom elevar øydelegg andre elevar sine egedelar.

Ved hærverk vil umyndige elevar sine føresette bli kontakta.

§ 5-6 Personvern og bruk av digitale hjelpemiddel

SU ved den enkelte skule/vaksenopplæringscenteret vedtek reglar for bruk av mobiltelefon i skuletida.

Skulane sin Internett-tilgang skal som hovudregel berre bli nytta i undervisningssituasjonar. SU ved den enkelte skule/vaksenopplæringscenteret skal vedta eigne nettvett-reglar. Personopplysningar skal ikkje registrerast på Internett i skuletida. Bilet- eller lydopptak teke med t.d. mobiltelefon, digitalkamera eller videokamera skal ikkje publiserast utan samtykke frå han/ho som er avbilda/filma. Er han/ho som er avbilda/filma under 15 år, er det dei føresette som har myndigheit til å gje ei slik tillating.

Sosiale media skal ikkje nyttast i skuletida dersom det ikkje er gjeve høve til det.

Dersom elevane bryt reglementet, kan dei avhengig av situasjonen, bli fråtekne retten til å bruke Internett eller anna digitalt utstyr på skulen for eit nærmare gjeve tidsrom. Ved alvorlege og/eller gjentekne reglementsbrøt kan eleven bli utvist frå skulen i tråd med reglane i opplæringslova § 2-10.

Mistanke om ulovlege forhold kan bli meldt til politiet.

§ 6 Straffbare forhold

Skulen v/ordføraren kan melde straffbare forhold til politiet.

Forholdet kan bli meldt til politiet uavhengig av om offer og overgripar er elev eller tilsett.

Skulen skal så langt råd konferere med eleven sine føresette før forholdet blir meldt til politiet. Dersom dei føresette/myndige elever ikkje ønskjer at skulen skal melde forholdet, må skulen konkret vege dette mellom omsynet til den enkelte elev og skulen sitt generelle oppdragaransvar.

III Sanksjonar

§ 7 Tiltak mot brot på ordensreglane – sanksjonar

Alle sanksjonar skal vera slik at elevane forstår kva for reglar som er brote og kvifor skulen må reagere på dette. Eleven skal, viss mogleg, bli gjeve høve til å forklare seg og/eller gjera opp for seg.

Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement kan bli sanksjonerte etter reglane i dette kapitlet, viss ikkje anna er særskilt nemnt.

Skulen i Sel vil normalt nytte følgjande sanksjonar mot brot på ordensreglane:

- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- Kontakt med heimen og involvering av dei føresette for umyndige elevar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor eller inspektør.
- Pålegg om oppgåver for å rette opp skade dei har påført skulen sin eigedom eller eigedelar.

- Vera til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar med lærar/rektor og/eller utføring av pålagde oppgåver.
- Ekstra tilsyn i friminutt, inne eller ute.
- Skolen kan ta vare på personlege eigedelar som ikkje skal nyttast på skulen.
- Nedsett karakter i orden og åtferd. Enkelthendingar er normalt ikkje grunnlag for å setje ned karakteren; unntaket er dersom hendinga er særleg klanderverdig eller grov, jf. forskrift til opplæringslova § 3 – 5.
- Bortvisning frå klasse/gruppe for resten av timen/arbeidsperioden, jf. opplæringslova § 2-10.
- Bortvisning frå skulen for resten av skuledagen etter rektor si avgjerd, jf. opplæringslova § 2-10.
- Bortvisning frå skulen for lengre tid enn resten av skoledagen. Inntil 3 dagar for 8. - 10. trinn i grunnskulen. Enkelttimar eller resten av dagen for 1. – 7. trinn i grunnskulen, jf. opplæringslova § 2-10.
- Elevar ved vaksenopplæringa kan ved gjentekne brot på reglementet miste plassen sin på kurset han/ho går på, jf. opplæringslova § 4A-9.
- Midlertidig eller permanent klassebyte.
- Midlertidig eller permanent skulebyte.
- Melding av ulovlege forhold til politiet.

Kollektiv straff kan ikkje bli nytta for handlingar som har blitt utøvd av enkelt-medlemmar av gruppa/klassa.

Som hovudregel skal det berre bli pålagt sanksjonar som følgjer av lov eller reglement. Viss særskilte grunnar tilseier det, kan også andre sanksjonar av mindre inngripande art bli pålagt. Ved brot på reglar som følgjer av dei lokale ordensreglementa som SU skal fastsetje, gjeld det same.

Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglane. Dette gjeld både for tiltak i det felles ordensreglementet for skulane i Sel og Sel vaksenopplæring og for den enkelte skule sitt ordensreglement. Elevar pliktar å overhalde pålagde sanksjonar. Ved manglande overhalding kan det bli pålagt nye sanksjonar.

Fysisk refsing er ikkje tillate. Med fysisk refsing blir det ikkje sikta til fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre.

§ 8 Nedsett karakter i orden og åtferd

For grunnskulen er reglar for karakterar i orden og åtferd heimla i forskrift til opplæringslova §§ 3-5, 3-6 og 3-7.

Karakteren i orden og åtferd skal som hovudprinsipp bli sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar i det felles ordensreglementet for skulane i Sel og Sel vaksenopplæring, eller den enkelte skule sitt eventuelle tilleggsreglement. I tillegg kan karakteren bli sett ned ved spesielt grove brot på reglementet sjølv om det er snakk om ei enkelthending.

IV Handsaming av saker

§ 9 Generelt

Handsaminga av brot på ordensreglementet følgjer reglane i opplæringslova § 2-9, 4.ledd, § 2-10, 2. ledd, samt handsamingsreglane i forvaltningslova og kap III - kap. VI ved enkeltvedtak.

Ved avgjerder som ikkje er enkeltvedtak skal følgjande handsamingsreglar uansett gjelde:

- Skulen plikter å kontakte føresette og informere om kva som har skjedd og om eventuelle konsekvensar utan ugrunna opphald.
- Skulen plikter å syte for at saken er så godt opplyst som mogleg, og ein skal treffe avgjerda på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven skal så vidt mogleg bli varsla og bli førelagt relevante opplysningar i saken med høve til å uttale seg før ei avgjerd blir treft. Varselet kan bli gjeve munnleg, men ved avgjerder som gjeld alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet bør ein normalt gje grunngevinga skriftleg.
- Avgjerder skal bli grunngeve, og avgjerder om utvising eller konfiskering av ikkje tillate egedelar skal alltid bli grunngeve. Grunngevinga skal bli gjeve samtidig med melding om avgjerda til eleven, med mindre særskilte høve gjer dette vanskeleg. Grunngevinga kan bli gjeve munnleg, men ved avgjerder som gjeld alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet bør ein gje grunngevinga skriftleg.

V Ikraftsetjing

§ 10 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft frå 1.8.2012